

# DET NORSKE TEATRET







*Restaurant*

# FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie  
Le Rendez-Vous de Gourmets*

*Vis-à-vis  
Nationaltheatret*

C15g 198699




Ein seljars død  
(Death of a Salesman)

nokre private samtaler i to akter og eit rekviem  
av Arthur Miller

til nynorsk ved	Finn Kvalem
instruktør	Pål Skjønberg
dekor	Snorre Tindberg
kostyme	Randi Skahjem
inspisient	Krzysztof Seliga





*Arthur Miller*



## Arthur Miller

er ein amerikansk forfattar og dramatikar av jødisk ætt, fødd 1915. Han debuterte i 1944 med reportasjeboka «Situation Normal». Same året gav han ut skodespelet «The Man Who Had All the Luck», og året etter romanen «Focus», der han handsama antisemittismen.

Gjennombrøtet sitt fekk Miller som dramatikar med «All My Sons» (1947). Verdsry som skodespelforfattar vann han med det stykket Det Norske Teatret no spelar, «Death of a Salesman» (1949). I dette dramaet har Miller utvikla den noko sermerkte retrospektive skodespelteknikken sin til fullkomenskap. Kronologien blir broten gjennom stendige forskyvinger. Det som hender på scenen har skjedd i fortida, men skjer òg i notida, i augneblinken. Denne teknikken, som Miller har nytta i dei fleste av sine seinare skodespel, kan ein trygt seia har vorte noko stereotyp etter kvart.

I 1953 kom Arthur Miller i strid med dei amerikanske styresmaktene etter premièren på sitt skodespel «The Crucible», bygd over ei historisk hending, hekseprosessen i 1692 i Salem, Massachusetts. Han blei då skulda for å vera kommunist.

Seinare har Miller laga skodespela «A Memory of Two Mondays», «From Under the Sea» og «A View from the Bridge» (alle 1955). Året etter gifta han seg med Marilyn Monroe og skreiv i 1961 manuskriptet til «The Misfits», som blei hennar siste film før ho døyde.

I 1964 var det urpremière på «After the Fall», eit pasjonsskodespel med sterke sjølbiografiske drag. Miller blei den gong skulda for å ha nytta Marilyn Monroe sin tragedie som bakgrunn for dramaet. Året etter skreiv han det siste skodespelet som saman med dei fleste andre har vore spela i Norge, «Det hendte i Vichy».

Miller har blitt heidra med The Pulitzer Price.



Pål Skjønberg




## Instruktøren for Seljaren

Skodespelaren og instruktøren Pål Skjønberg, som har vore knytt til Det Norske Teatret frå 1945, er ansvarleg for oppsetjinga i kveld av Arthur Millers «Ein seljars død» (Death of a Salesman). Med det signerer han si femte framsyning her på teatret som iscenesetjar.

Den første sjølvstendige oppgåva som instruktør hadde Pål Skjønberg i vårsesongen 1962; då hadde teatret skandinavisk urpremière på «Brennande mørke» av spanjolen Antoni Buero Vallejo. Sidan har det falle i hans lodd å setja opp ei rekkje av våre beste framsyningar. Til 50-års jubileet for Det Norske Teatret i 1963 var Skjønberg ansvarleg for oppsetjinga av Tarjei Vesaas' «Bleikeplassen» (première 2. januar). Året etter sette han i scene Thornton Wilders «Byen vår», og då James Baldwins omdiskuterte stykke «Blues for Mister Charlie» hadde premiere i januar i år, hadde atter Pål Skjønberg hatt instruksjonen.

Som skodespelar har han tolka ei rad store roller gjennom åra: Daniel i «Han som fekk leva livet om att» av Pär Lagerkvist, Manolios i «Vår evige vandring» av Niko Kazantzakis, Tobias i «Tobias og engelen» av James Bridie, Simon Darre og Gunnulf i «Kristin Lavransdatter» av Sigrid Undset i Tormod Skagestads dramatisering. Siste gongen Pål Skjønberg stod på scenen som skodespelar, var då han med stor innleving tolka rolla som doktor Rank i Ibsens «Et dukkehjem» som Det Norske Teatret drog på turné med i vår til Sverige, Finnland, Tyskland, Polen, Tsjekkoslovakia, Ungarn og Sovjetunionen.

En forfriskende pause



DRIKK

*Coca-Cola*

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tapperi:

Jarlsberg Mineralvann A/S



## Moderne tragedie – eller sørgjeleg kasus?

«Ein seljars død» (Death of a Salesman) hadde urpremière i 1949. Dei mange seinare framføringar i mange land og på mange språk tyder på at stykket har hatt noko å seia til menneske i vår tid. Ut frå ramma kring stykket er det ikkje utan vidare gjeve at det skulle vera så. Lagnaden til ein mislukka handelsreisande – vedkjem den andre enn (i beste fall) yrkesbrørne hans? Kan ein liten manns små svik, familieproblem og endelege død for eiga hand bli til allmenngyldig drama?

Rett nok kan vi bli gripne av Willy Lomans sørgjelege endelykt, men Arthur Miller har vilja noko anna og meir en berre å gripe oss. For honom er Willy Loman ikkje berre ein patetisk skapnad, men tragisk på line med Oidipus. Den stoda vi tek til Willy Loman, rettar seg etter om vi tykkjer at Miller har lukkast i si føreløge. Dersom vi ser på Loman einast som patetisk, synest vi synd på han, men han vedkjem oss i røynda ikkje. Han blir ikkje meir enn eit sørgjeleg kasus, eit døme på korleis det kan gå ein handelsreisande som ikkje har sans nok for livsens realitetar. Etter teppefall kan vi gå heim til vårt, trygge på at såleis er det ikkje med oss, for vi har kunna sjå der Willy famla i blinde.

For Aristoteles bør helten i ein tragedie vera «eit menneske som nyt stor vørðnad og som lever eit lukkeleg liv, som til dømes Oidipus og Thyestes og andre edle menn av slike ætter». Ingen synest stå lenger frå eit slikt ideal enn Millers Willy Loman; jamvel med sitt eige namn (low man = låg mann) blir han stempla som negasjonen til den tradisjonelle tragiske helten. Med eit slikt utgangspunkt kan ikkje fallet vera høgt. Men før vi ser nøgnare på Millers praktiske svar på slike teoretiske innvendingar, sjølve dramaet «Ein seljars død», bør vi notere oss at han òg har vore oppteken av problemet om å skrive tragedie i vår demokratiske tid.

I essayet sitt «Tragedien og gjennomsnittsmennesket» (Tragedy and the Common Man) gjev han uttrykk for si tru at «gjennomsnittsmennesket er eit like høveleg emne for tragedie i den mest opphøgde meining av ordet som kongar var det». Den tragiske kjensla blir framkalla i oss, skriv Miller, «når vi står overfor ein person som er budd til å gje sitt liv, om så trengst, for å sikre eitt – kjensla hans av personleg vørndnad, sjølv-vørndnad». Å krevja at den tragiske helten skal vera av edel byrd eller vera høgsinna er, for Miller, å feste seg einast ved den ytre forma til den klassiske tragedien; for det er ikkje dei problem som følgjer med rang i og for seg sjølv som er typiske for tragedien. Det som skakar oss i slike drama, held han fram, «skriv seg frå den djupe otte vi har for å bli utdrivne, frå den ulukka som ligg i det å bli rivne bort frå vårt eige bilete av kva og kven vi er i denne verda». Og denne otten er det kanskje gjennomsnittsmennesket som kjenner best til.

«Dersom det er sant at tragedie er følgjene av den trong eit menneske har til å ta rett mål av seg sjølv, så er føresetnaden for at dette mennesket skal øydst, noko skeivt eller vondt i omgivnadene kring dette mennesket. Og det er nett dette som er moralen i tragedien... Tragedien opplyser oss i den meining at han retter den heroiske fingeren mot fienden til menneskeleg fridom. Trå etter fridom er det i tragedien som lyfter eller skirslar oss. Den revolusjonære tvilen til det stabile samfunnet er det som jagar otte inn i oss. På ingen måte er gjennomsnittsmennesket utestengt frå slike tankar eller slike handlingar.»

I sine tankar synest Miller ha utelate ein dimensjon ved den tragiske helten – funksjonen hans som målsmann for oss alle. Lagnaden til kongen, folkeleiaren, var ikkje ei reint personleg sak. Som symbol for eit heilt samfunn kunne hans tragedie òg kjennast som tragedien til dette samfunnet. Kan ein tilfelleleg liten mann ha same funksjon? Svaret finn vi best om vi tek for oss Millers drama.

Kven er Willy Loman og korleis blir han og omgivnadene hans definerte? Han er handelsreisande, seljar, og då stykket først vart oppført, kom det protestar frå organisasjonar som kom til at stykket sette deira stand i eit uheldig ljøs. Men vi treng ikkje Millers eiga utsegn om at ein kritikk av seljar-





Familien Loman: I senga Harald Heide Seen som Willy, Tordis Maurstad som Linda, Erik Øksnes som Biff og Jon Eikemo som Happy.

1917 - 1967



MØLLERGT. 16 - OSLO 1  
TLF. 42 09 46

LIVSTRYGDELAGET  
**ANDVAKE**

**TRYGD  
I BY OG  
BYGD**



*Walter Jacobsen a/s*  
MODELL KONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368

Forretningen med det gode utvalg  
i kåper, kjoler og drakter.

**BØNDERNES BANK A/S**

Hovedkontor: EGERTORGET - OSLO

Filialer: Grønland 24, Økern Torgvei 1, Oslo

**hjelper Dem gjerne med alle bankforretninger  
i Norge og i utlandet**



standet ikkje var tilsikta, for å sjå at Willy Loman står fram som meir enn ein representant for ei lita yrkesgruppe. Det blir til dømes ikkje sagt kva for firma han arbeider for eller kva for vare han sel. Ved å halde seg medvite unna all presisering av livet og miljøet hans, har såleis Miller i hovudpersonen sin framstelt meir enn eit individ. Willy Loman er ikkje berre seljar, men *Seljaren* som representant for vår kommersielle kultur.

Det ligg kanskje eit paradoks i dette at Miller har valt nett seljaren som bilete på taparen i denne kulturen, valt den som tradisjonelt blir oppfatta som utnyttaren til å vera den utnytta. Men som forbrukar er seljaren òg fanga av det system han er med å byggje ut. Til sjuand' og sist er det berre seg sjølv Willy Loman har å selja (det er altså ikkje berre namnet Loman som minner oss om at han i røynda er proletar), men denne oppdaginga gjer han ikkje før det

*framhald s. 21.*

*Bjarne Andersen (t.v.) som Charley, Odd Furøy som Bernard.*



LIVSTRYGGING – PENSJONSTRYGGING

# GJENSIDIGE

*Eldste livstrygdelaget i Norge*

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30

## Syn og Segn

**Det største allmenne tidsskriftet i landet  
Stadig i framgang, opplag i dag: 16 000**

10 hefte i året à 64 sider. Årspengar kr. 30,00, for studentar og skoleelevar kr 22,00 ved tinging direkte til forlaget. 10-årstinging kr 250,00. Tidsskriftet kan tingast for kalenderåret eller skoleåret. Postgiro 87 02, bankgiro 1710.06.00757. Laussal kr 3,50.

**Det Norske Samlaget**

Rosenkrantz' gate 3, Oslo 1. Tlf. 33 26 70.

### *Moderne damer*

foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i

*Kjoler - strømper - undertøy etc.*

Kle dem riktig — det er viktig!

**HELNOR** Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06




## Ein seljars død (Death of a Salesman)

har tidlegare vore oppført mange gonger på norske scenar. Frå Arthur Millers hand var skodespelet ferdig til første-framsyning i 1949, og alt året etter vart det sett opp på Nationalteatret. Knut Hergel (sjef på Det Norske Teatret i to bolkar frå 1936—42 og 1945—46) tok hand om instruksjonen. Familien Loman vart spela av Kolbjørn Buøen, Ada Kramm, Jørn Ording og Lars Nordrum. Sidan har «Ein seljars død» vore spela i Bergen, Stavanger og Trondheim. Det har òg stått på repertoaret til Riksteatret.

Siste gongen denne Millers verdssuksess om livsløgn, popularitetsjag og sosial prestisje vart sett opp, var i Fjernsynteatret. Framsyninga vart send i januar 1962 med Henki Kolstad som Willy Loman, Ragnhild Michelsen som Linda, Toralv Maurstad som Biff og Magne Bleness som Happy. I kveld blir familien Loman tolka av Harald Heide Steen, Tordis Maurstad, Erik Øksnes og Jon Eikemo.

*Harald Heide Steen som Willy og Rolf Sand (t. h.) som Howard Wagner.*



LYTT TIL

## Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på




grammofon-  
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.

banken  
husker  
for  
Dem...

snakk med



**BERGENS PRIVATBANK**





*I forgrunnen: Harald Heide Steen i ei scene med Øyvind Øyen som onkel Ben og Bjarne Andersen som Charley.*

Ein seljars død  
(Death of a Salesman)

av Arthur Miller

til nynorsk ved	Finn Kvalem
instruktør	Pål Skjønberg
musikk	Finn Ludt
koreografisk assistanse	Rolf Daleng
dekor	Snorre Tindberg
kostyme	Randi Skahjem
inspisient	Krzysztof Seliga

Willy Loman .....	HARALD HEIDE STEEN
Linda .....	TORDIS MAURSTAD
Biff .....	ERIK ØKSNES
Happy .....	JON EIKEMO
Bernard .....	ODD FURØY
Kvinna .....	ASTRID JACOBSEN
Charley .....	BJARNE ANDERSEN
Onkel Ben .....	ØYVIND ØYEN
Howard Wagner .....	ROLF SAND
Jenny .....	JULIE ØKSNES
Stanley .....	ASBJØRN TOMS
Miss Forsythe .....	INGER TEIEN
Letta .....	ULRIKKE GREVE
Ein kelner .....	HALLVARD LYDVO

*15 min. pause etter 1. akt*

Speltid ca. 2 tim. 55 min.

programred.: Thorstein Hoff

fotos: Sturlason







Willy Loman og Kvinna: Harald Heide Steen og Astrid Jacobsen.



# Arthur Miller

## på Det Norske Teatret

Berre ein gong tidlegare har Det Norske Teatret framført skodespel av Arthur Miller. Det hende i 1956 med den lange einaktaren «Frakt under havet» (From Under the Sea). Knut Thomassen (no teatersjef på Den Nationale Scene i Bergen) sette i scene. Han hadde omplanta hendingane blant sicilianske innflyttarar i New Yorkhamnekvartera til eit miljø som stundom verka traust norsk. Den mannlege hovudrolla Eddie vart tolka av Øyvind Øyen på ein jordbunden og forknytt måte med sterke understraumar av farleg lidenskap. Kona hans, Beatrice, vart òg framifrå spela av Siri Rom, medan den sytten år gamle Catherine vart tolka vart og fint av Rut Tellefsen, som då nett var komen uteksaminert frå Statens Teaterskole til Det Norske Teatret. I rolla som Rodolpho viste Finn Kvalem lovande takter; han kom òg beint frå Teaterskolen til denne oppsetjinga, der Lasse Kolstad og Edvard Drabløs mellom andre hadde større roller.

*Øyvind Øyen som onkel Ben, bror av Willy, i ei samtale med Harald Heide Steen og Tordis Maurstad.*



DET ER DUBONNET-TID



- alltid like anvendelig.
- en fullt ferdig cocktail

## DUBONNET

Frankrikes verdensberømte druevin —  
MEN SERVER DEN AVKJØLET

# DUBONNET

for DEM som  
foretrekker  
furumøbler ...

\*Peise Stua\*

J. ERIKSEN A/S FILIAL  
Bernt Ankers gate 17 (hj. Møllergt.) — Tlf. 20 37 00  
GODE PARKERINGSFORHOLD



*forts. frå s. 11.*

er for seint, ikkje før ho er oppbrukt, den einaste vara han har å by fram. Og jamvel då er han ikkje heilt medviten om denne oppdaginga. I si doble rolle som seljar, altså representant og talsmann for vår kommersielle kultur, og som offer for denne kulturen, symboliserer Willy Loman ei kulturform som ber i seg sin eigen undergang. I hans nederlag ser vi vårt eige nederlag.

På same vis er Willy Lomans sjukdom vår sjukdom. For det er klart frå første stund at det er ein sjuk mann vi har for oss og at denne sjukdomen har si kjelde i hans kløyvde sjeletilstand. Willy er like lite før til å skilja mellom fortid og notid som han er til å skilja mellom løgn og sanning, mellom illusjon og røyndom. Dei same symptom kan vi øygne kvar dag i våre massemedia, til dømes om vi samanliknar avistelegramma og den kommersielle reklamen i spalta attmed. I teatret kan vi kanskje kjenne oss ovanpå

*Willy Loman er stolt av sine søner. Erik Øksnes (t.v.) som Biff og Jon Eikemo som Happy.*





*Nyere norsk og utenlandsk  
kunst — Antikviteter  
Afrikansk kunst etc.  
Smykker*

**LILLE GALLERI**

Bygdøy allé 35. Tlf. 44 84 30  
Åpent: Tirsd.—fred. 12—19  
Lörd. 12—16. Sønd./mand. stengt

**SE P Ø TV**  
**UTEN Å KJØPE**

**DE KAN HELLER LEIE TV**

for mindre enn kr. 2,— pr. dag. For  
kr. 58,— pr. måned i min. 12 mndr.  
får De gratis Oslo-antenne, garantert  
fri service, gratis reparasjoner i hele  
leietiden.

**5 Å R S G A R A N T I**

*HENRIK BØHM'S*

**Paraply- og regntøyforretning**

**Torggt. 23. Tlf. 42 16 87**

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

*Gamle og nye kunder ønskes velkommen*

**Vi utfører alt i reparasjoner vedrørende**

Elektrisk og forgasser. Forstillinger og optoflex kontroll.  
Avbalansering av hjul. Lysjustering. Bremseser og kontroll.  
Hurtig levering. Helst timeavtale.

**NORSK BREMSESERVISSE A/S**

Rolf Wickstrøms vei 31 (Store Ringvei) - Telefon 21 67 50



– vi ser klårt der Willy er i sine illusjonars vald – til dess det går opp for oss at vi er like mykje fangar av systemet som han.

Den stendige skiftinga mellom notid og fortid i stykket har sjølvsaugt andre funksjonar òg enn å gje uttrykk for eit kløyvt og sjukt sinn. Ein av dei er å plassere Willy Loman i ein historisk samanheng. Desse møte med broren Ben høyrer til dei minst realistiske episodane i dramaet, og her skimtar vi Amerikas historie i ei rekkje bilete. I Bens forteljing om faren, som «lempa heile familien opp i kjerra, og så kørde . . . tvers over landet gjennom Ohio, og Indiana, Michigan, Illinois, alle statane i vesten», er vi attende om ikkje nett i nybyggjartida, så i den tida då det enno let seg gjera å flakke fritt over heile kontinentet og leva av sine egne henders arbeid. Ben sjølv har mått søkje ut over landegrensene for å stette sin eigen verketrong. Han representerer imperialismens epoke: «Då eg var sytten, gjekk eg inn i jungelen, og då eg var tjuuein, kom eg ut att. Og Gud skal vita eg var rik.» Om han er aldri så mykje «røvarbaron», er det likevel noko storfelt over Ben. Men i vårt noverande samfunn, seier Miller, er privat initiativ degenerert til simpelt tjuveri. Når Willy skal vise broren at han og Hap og Biff òg kan byggje, om ikkje eit imperium så i minsto ei sementtrapp, sender han gutane bort i byggjefeltet for å hente sand. Perspektivet får vi i Charlies replikk: «Nei, men høyr her, stel dei meir frå det bygget, sender vakta purken etter dei.»

Ein annan del av den amerikanske draumen, suksessmyten, er òg degenerert i Willy Lomans samfunn. Frå sitt eigenlege opphav i puritanarane si tru på at den ytre framgang var eit teikn på Guds velsigning, vart han snart ei bleikare førestelling om løn for dygd. Med innverknad frå Darwin og Spencer mot slutten av førre hundreåret vart suksess meir og meir sett på som retten til den sterke og initiativrike. Dette er Bens epoke. Men hos Willy har alt dette vorte ordskrauv, som henta frå Dale Carnegies «How to Win Friends and Influence People», om å vera godt likt, gjera eit godt inntrykk og ha innverknad hos dei som tel.

Men ingenting har i røynda lukkast for Willy Loman, og som det barn han er av den amerikanske draumen,

## En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.


RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 20 20 49

## En god SIGAR

Først  
blant de  
beste



Eneimportør: Gunnar Stenberg A/S

# WILLEM II

Vi fortsetter med våre populære

SKJØNNHETSKURS

som varer i 3 timer og holdes

daglig kl. 11.30—14.30 og kl. 17.30—20.30. Påmelding tlf. 20 17 57

*Germaine Monteil*

*Karins*

Cosmetic Center, Fr. Nansens pl. 6





representerer dette faktum livsens gåte for han. På sitt uklære vis kjenner Willy at det må vera eit svar å få på hans evige «kvifor»: «Å, Ben, korleis fekk du det til? Kva er svaret på gåta?» Og spørsmålet er alvorleg nok. For i denne tradisjonen har mennesket ikkje einast rett til suksess, det er ei plikt. I sine eigne tankar om dette dramaet seier Miller at «Willy Loman har brote ei lov; utan vern frå denne lova er livet utoleleg om ikkje meiningslaust for han og for mange andre. Det er den lov som seier at ein som det har mislukkast for i samfunnet og i sitt virke, ingen rett har til å leva. I motsetnad til lova mot blodskam blir ikkje lova om suksess hevda med paragrafar eller av kyrkja, men ho er mesta like sterk i sitt tak på menneska.» Forkasta av samfunnet sitt er døden den einaste utgangen for Willy. Og ved å vise til blodskamma og dermed Oidipus som ein parallell har Miller atter mint oss om at denne utgangen skal oppfattast som ein tragedie.


Maktar så den vesle mannen likevel å bera ei så stor meiningsbyrd at hans eige nederlag kjennest som nederlaget til ein heil kultur? Har Arthur Miller i «Ein seljars død»

Tegn Deres livsforsikring i

# GLITNE

DET er virkelig livskunst

## REDNINGSSKØYTENE



har i 1966 reddet 72 mennesker fra den visse død og vært til hjelp for 5362 mennesker som har vært i farefulle situasjoner på havet.

### **STØTT REDNINGS- ARBEIDET**

**Send ditt  
bidrag  
til**

**NORSK SELSKAB TIL SKIBBRUDNES REDNING**

Wesselsgt. 8. Oslo - Postgiro 500 026 Bankgiro 201 632-8/51

### *Spesialforretning i TV - radio*

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer

**GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24.måneder**

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S**

**Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37**

Filial: Lambertseter forretningsenter - Tlf. 28 03 12





makta å byggje opp ein Willy Loman som er representativ nok til at dommen over han òg kjennest som ein dom over vår livsform? Det må det til sjuand' og sist bli opp til kvar einskild av oss å ta stode til.

I eit intervju vart dramatikaren nyleg spurd om han ville skrive om suksess ein gong til. Han svara at det var berre så alt for lett å gjera suksess til emne for satire. «Derfor er det så vanskeleg å skrive om det. For dei same menneske som er heilt gløypete av suksess-ånda, nikkar i full semje når ein seier til dei: 'De er i ferd med å la Dykk gløype av dette.'»

*Orm Øverland.*

*Arthur Miller (t. v.) i samtale med Clark Gable under innspelinga av «The Misfits», filmen der Millers kone Marilyn Monroe hadde hovudrolla.*



## S. BRUUN A/S

Nils Juelsgt. 27

Telefon 440384

*Lamper — Skjermer  
Elektriske apparater m. m.*

## OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag

Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo,  
ring telefon 20 38 20 og 20 38 03. Kaffistova og heime-  
buarane telefon 20 07 04.

**ER DE INTERESSERT i engelske antikviteter?**

HOS MEG finner De koselige og rimelige julepresanger

*i engelsk porselen - plett - kobber - messing m. m.*

## ANTIKKHULEN

DAAESGT. 12 (inng. Prof. Dahlsgt.) - TLF. 44 29 23, kl. 11—15

THAU




**- et godt navn i 52 land**



## NYTT TEATER

Det Norske Teatret ynskjer publikum vel møtt i nytt lokale: ABC-teatret på St. Olavs plass. Vi vil i vekene framover prøve å gjera salong og foyer til eit miljø der ungdom møtest for å oppleva teater, skapt av annan ungdom; forfattarar, instruktørar, skodespelarar, komponistar, dekor- og kostymeartistar. Det er eit nytt tiltak, og føremålet med det er å aktivisere. Vi vil prøve å få fram i rampelyset det som måtte finnast av latente evner – gje dei eit forum dei kan utfalde seg i, slik at norsk teater på lengre sikt kan få ei vitamin-innsprøyting av ung kraft og fantasi. Men skal tiltaket lykkast, må publikum spela med. Vi vil prøve å aktivisere den trong til kunst- og teateroppleving dei aller fleste unge har i seg, og kanskje hos mange skapa eit varig behov for slik oppleving.

Vel møtt i det nye teatret.





### **Kos Dem med et hyggelig håndarbeide**

Pynt opp med vakre broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle

*Begynn med brodering, en kongelig hobby*

**RANDI MANGEN & CO.**

**SPECIALFORRETNING I BRODERIER**

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

*Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til*

### **B. Bogens Parkettsliperi**

Chr. Michelsensgt. 21 - Telefon 37 60 26

**Forsteklasses arbeide garanteres**

*Godt utvalg i dame- og herreskotøy*

## **Valkyrien Skotøymagasin A.s**

Valkyriegt 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

## **Gå til „Sofie”**

i Skippergt. 44

*Best og billigst i trikotasje og manufaktur*



## Nationaltheatret

Hovedscenen:

«BALANSEGANG»

av Edward Albee

Regi: Arild Brinchmann

Dekorasjoner: Guy Krohg

«TRE SØSTRE»

av Anton Tsjekov

Regi: Gerhard Knoop

Dekorasjoner: Guy Krohg

Kostymer: Lita Prahl

A m f i s c e n e n :

«OPPBEVARES TETT

LUKKET PÅ ET TØRT OG

KJØLIG STED»

av Megan Terry

Regi: Magne Bleness

Dekorasjoner: Per Schwab

«SANGEN OM UTYSKET»

av Peter Weiss

Regi: Edith Roger

Dekorasjoner: Guy Krohg

## Den Norske Opera

«PORGY AND BESS»

av George Gershwin

Regi: Anne Brown

Dirigent: Arvid Fladmoe

Dekor: Wolfgang Vollhard

Kostymer:

Ivar Ferdinand Karlsen

Koreografi: Ronald Frazier

«SVANESJØEN»

av M. Petipa/L. Ivanov/S. Arova

P. Tsjaikovskij

Innstudering: Sonia Arova

Dirigent: Zdenko Peharda

Dekor: Kae Tang

Kostymer:

Ivar Ferdinand Karlsen

Ballettaften:

«CONCERTO - LEGENDE

SYMFONI I C»

Musikk:

E. Grieg - G. Sønstevold

G. Bizet

Koreografi:

J. Lazzini - J. Butler

G. Balanchine

## Oslo Nye Teater

«KAKTUSBLOMSTEN»

Lystspill av Pierre Barrilet og

Jean-Pierre Grédy

Regi: Jon Lennart Mjøen

I hovedrollene: Wenche Foss

og Toralv Maurstad

«DE TRE MUSKETERER»

Dramatisering etter

Alexander Dumas' roman

av Roger Planchon

Regi:

Jacques Rosner/Roger Planchon

«HVITE LØGNER»

og

«KOMEDIE I MØRKE»

Komedier av Peter Schaffer

Regi: Barthold Halle

Barneteatret

i Folketeaterbygningen

«LILLE LABAN SPØKELSE»

Barnekomedie av

Inger og Lasse Sandberg

Regi: Barthold Halle

Dukketeatret

i Bymuseet, Frogner

«MIKKO-MATTI

OG VENNENE HANS»

Dukkekomedie av

Willie Nordrå

Regi: Guri Ludt

# På spelplanen

Hovudscenen:

«MEDMENNESKE»

av Olav Duun

Instruktør: Finn Kvaalem

Dekor: Gunnar Alme

«EIN SELJARS DØD»

(Death of a Salesman)

av Arthur Miller

Instruktør: Pål Skjønberg

Dekor: Snorre Tindberg

«BODSKAPET TIL MARIA»

av Paul Claudel

Instruktør: Claes Gill

Dekor og kostyme: Arne Walentin

Première 22. november

*for barna:*

«KONGSDØTRENE I BERGET DET BLÅ»

av Peter Nissen

Musikk: Melvin Simonsen

Instruktør: Rolf Sand

Koreografi: Rolf Daleng

Dekor: Snorre Tindberg

ABC-Teatret:

«KASSANDRA»

av Georg Johannesen

Instruktør: Kirsten Sørlie

Dekor: Per Lekang

Urpremière: 15. november

*for barna:*

«RYDDEMUS OG ROTEMUS»

Barnetime med Kirsten Langbo

På turné:

«APROPOS DET, JA»

Mini-revy med Sølvi Wang og Leif Juster

Kapellmeister: Egil Monn Iversen



# Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*

# GRILLSTOVA

Særs god mat til rimelege prisar. Internasjonalt kjøken og norske spesialitetar. Alkoholfrie vinar. Servering ved borda. Koseleg, intim stove.

Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda, 100 m opp frå Karl Johan.

*Ope kl. 9—23. Sondag kl. 12—18.45.*

**BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO**



# kaffistovene

har sjølvtening og mykje god mat

Rosenkrantzgt. 8 — Karl Johansgt. 13  
Kr. Augustsgt. 14 — Storgt. 28

## Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,  
livdyr, ull, huder og skinn

*12 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 120000 medlemmer*

